

Verdiskaping i klippfisknæringa

Trond Bjørndal
Rannvá Danielsen
Erik Nasset

SNF



SNF

SAMFUNNS- OG NÆRINGS- OG NÆRINGS- OG NÆRINGS- OG NÆRINGS-

- er et selskap i NHH-miljøet med oppgave å initiere, organisere og utføre eksternt-finansiert forskning. Norges Handelshøyskole og Stiftelsen SNF er aksjonærer. Virksomheten drives med basis i egen stab og fagmiljøene ved NHH.

SNF er ett av Norges ledende forskningsmiljø innen anvendt økonomisk-administrativ forskning, og har gode samarbeidsrelasjoner til andre forskningsmiljøer i Norge og utlandet. SNF utfører forskning og forskningsbaserte utredninger for sentrale beslutningstakere i privat og offentlig sektor. Forskingen organiseres i programmer og prosjekter av langsiktig og mer kortsiktig karakter. Alle publikasjoner er offentlig tilgjengelig.

SNF

CENTRE FOR APPLIED RESEARCH AT NHH

- is a company within the NHH group. Its objective is to initiate, organize and conduct externally financed research. The company shareholders are the Norwegian School of Economics (NHH) and the SNF Foundation. Research is carried out by SNF's own staff as well as faculty members at NHH.

SNF is one of Norway's leading research environment within applied economic administrative research. It has excellent working relations with other research environments in Norway as well as abroad. SNF conducts research and prepares research-based reports for major decision-makers both in the private and the public sector. Research is organized in programmes and projects on a long-term as well as a short-term basis. All our publications are publicly available.

SNF Arbeidsnotat nr. 01/23

Verdiskaping i klippfisknæringa

**Trond Bjørndal
Rannvá Danielsen
Erik Nettet**

SNF-prosjekt nr. 10084:
COVID-19 – The impact on Norwegian seafood trade and coastal communities
(NFR-prosjektnr. 324685)

Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd/NORCE

SAMFUNNS- OG NÆRINGS- OG LIVSFORSKNING AS
BERGEN, JANUAR 2023
ISSN 1503-2140 (TRYKT VERSJON)
ISSN 2704-0380 (ONLINE)

© Materialet er vernet etter åndsverkloven. Uten uttrykkelig samtykke er eksemplarfremstilling som utskrift og annen kopiering bare tillatt når det er hjemlet i lov (kopiering til privat bruk, sitat o.l.) eller avtale med Kopinor (www.kopinor.no).
Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatnings- og straffeansvar.

INNHALDSLISTE

0.	INNLEIING	1
1.	VERDIKJEDE OG NÆRINGSSTRUKTUR.....	2
2.	METODE FOR MÅLING AV VERDISKAPING.....	5
3.	VERDISKAPING OG SYSSELSETJING I VERDIKJEDA FOR KLIPPFISK	7
4.	SLUTTMERKNADAR	15
	VEDLEGG	19

SAMANDRAG

Produksjon og eksport av klippfisk er ei viktig distriktsnæring i Noreg med tradisjonar som går fleire hundre år tilbake. Tyngdepunktet for produksjon er på Nordvestlandet, men store delar av råstoffet kjem frå Nord Noreg, slik at næringa har mykje å seie for verdiskaping og sysselsetjing også der. I denne artikkelen analyserer me verdiskaping i klippfisknæringa for perioden 2009-20 og vurdere konsekvensane av Covid for næringa. Eksportverdien av klippfisk utgjorde i 2019 4,76 mrd. kr, den største verdi i næringa si historie, men vart redusert med 9,6 % i 2020 til 4,31 mrd. kr. I artikkelen estimerer ein verdiskaping i heile verdikjeda for klippfisk, dvs. fangst, foredling og eksport. I tillegg gjev ein estimat av ringverknadar.

Me takkar Hans Martin Straume for gode kommentarar til eit tidlegare utkast av artikkelen.

0. INNLEIING

Produksjon og eksport av klippfisk er ei viktig distriktsnæring i Noreg med tradisjonar som går fleire hundre år tilbake (Gjærde, 2015). Likevel er kunnskapsgrunnlaget lite når det gjeld dei verdiane denne næringa skapar. I denne artikkelen vil me analysere verdiskaping i klippfisknæringa med grunnlag i rekneskapsdata for alle bedrifter i næringa for perioden 2009-20.

Eksportverdien av klippfisk auka frå 3,065 mrd. kr i 2009 til 4,76 mrd. kr i 2019, den største verdi i næringa si historie. Derimot var eksportverdien i 2020 redusert til 4,31 mrd. kr, ein nedgang på 9,6 % frå 2019. Eksporten av saltfisk derimot auka frå 1,28 mrd. kr i 2019 til 1,44 mrd. kr i 2020. Samla eksportverdi for klippfisk og saltfisk vart redusert frå 6,05 mrd. kr i 2019 til 5,75 mrd. kr i 2020. Eksporten av klippfisk og saltfisk utgjorde i 2020 ca. 5,4 % av total norsk fiskeeksport (5,6 % i 2019) som i 2020 representerte omlag NOK 105,7 mrd. og omlag 18,2 % av fiskeeksporten utanom oppdrettsfisk (19,6 % i 2019).

Det er truleg at nedgangen i klippfiskeksporten i 2020 har samanheng med Covid-pandemien. Eksportkvantumet i 2020 var 83.410 tonn mot 91.681 tonn i 2019. I 2021 auka eksporten til 91.102 tonn og verdien til 4,53 mrd. kr, slik at eksportprisen gjekk noko ned. Denne utviklinga har og truleg samanheng med Covid. Fleire faktorar hadde innverknad på den negative utviklinga i 2020. På produksjonssida var det til tider ei stor utfordring å få tilstrekkeleg med arbeidarar. Logistikken, særleg eksport til oversjøiske markadar, var og krevjande. I tillegg var særleg Horeca-sektoren svekka i fleire av dei viktigaste eksportmarknadane.

Nordvestlandet har over tid utvikla seg til å verte tyngdepunktet for norsk klippfiskproduksjon og eksport. Omlag 90 % av klippfisken vert skipa ut frå Ålesundsområdet (Gjærde, 2015). Ei empirisk analyse av Bjørndal, Nesset og Pasquine (2017) viser at det er ei klynge av klippfiskprodusentar i Ålesund som representerer størstedelen av produksjonen og har større verdiskaping enn produsentar i andre delar av landet.

Klippfisk – eller *bacalhau* som det er kjend som i land som Portugal og Brasil (*bacalao* i Spania) – er salta og turka fisk i hovudsak produsert av torsk og sei, men kan og produserast av brosme og lange. Verdikjeda innanlands er samansett av fangst, foredling og eksport ettersom meir enn 95 % av produksjonen vert eksportert.

Klippfisk er eit dyrt produkt der ein gjennom produksjonsprosessen må sikre best mogeleg kvalitet. Dette krev faglært arbeidskraft. Kvalitet kjem an på fleire faktorar inkludert art, kvalitet og storleik på fisken. Produksjonen kjem likevel ikkje berre an på tilgangen av fisk, men og preferansane i marknaden. Medan Portugal etterspør klippfisk av torsk, er over

halvparten av konsumet i Brasil klippfisk av sei, noko som skuldast lågare pris (Raggi mfl., 2016).

Næringa er viktig for verdiskaping og sysselsetjing. Sjølv om tyngdepunktet for produksjon er på Nordvestlandet, kjem store delar av råstoffet frå Nord Noreg, slik at næringa har mykje å seie for verdiskaping og sysselsetjing også der. Likevel er kunnskapen om kva verdiar denne næringa skaper avgrensa.

Føremålet med denne analysen er å estimere verdiskaping i verdikjeda for klippfisk for perioden 2009-20 og vurdere konsekvensane av Covid for næringa. Analysen er ei oppdatering og vidareføring av Bjørndal, Ekerhovd og Bjørndal (2014) og Bjørndal, Bjørndal og Ekerhovd (2017). Ein vil og sjå på ringverknader som næringa gjev opphav til.

Artikkelen er bygd opp som fylgjer: Del ein gjev ei kort oversikt over verdikjeda for klippfisk. I del to vert metoden for måling av verdiskaping presentert. Estimat av verdiskaping og sysselsetjing i næringa vert presentert i del tre. Det vert og gjeve estimat over ringverknadar i form av bidrag til brutto nasjonalprodukt og sysselsetjing. I del fire vert det gjeve ei oppsummering, inkludert samanlikning med fiskeforedling generelt og Fastlands-Noreg under eitt. I eit vedlegg vert det gjeve oversyn over føretak i næringa og meir detaljert eksportstatistikk.

Alle verdiar er i nominelle kroner.


1. VERDIKJEDE OG NÆRINGSSTRUKTUR

Klippfisk vert produsert i Noreg, men omtrent heile produksjonen vert eksportert. Fokus for denne analysen er den innanlandske verdiskapinga, slik at me ikkje ser på kva som skjer etter at ferdigprodukta vert eksportert.

Figur 1 viser den innanlandske verdikjeda for klippfisk. Det er tale om tre ledd. Fyrste ledd er fangst av råstoff, i hovudsak torsk og sei, men òg brosme og lange¹. Denne råvara vert levert som fersk eller frose produkt til foredlingsbedrifter, der fisken vert salta og turka til klippfisk. Ferdigprodukta vert deretter eksportert, noko som inneber sal og transport. Desse tre delane av verdikjeda kan verte utførte av ulike føretak med kjøp og sal mellom dei ulike ledda. Alternativt kan to eller jamvel alle tre ledda utførast i vertikalt integrerte føretak.

¹ Etter avtalen med Brasil kan hyse og brukast i klippfiskproduksjon, men frå tilgjengeleg statistikk vert lite, om i det heile noko, hyse nytta av denne næringa.

Ei alternativ verdikjede er salting av fisk som så vert eksportert som saltfisk. Dette produktet kan konsumerast meir eller mindre direkte. Alternativt kan det verte turka til klippfisk i utlandet som t.d. er tilfellet i Portugal (Bjørndal mfl., 2016).



Figur 1. Innanlandsk verdikjede for klippfisk

Fangst og produksjon

Noreg har store og produktive havområde. Tabell 1 viser fangst av dei viktigaste fiskeslaga nytta i klippfiskproduksjonen landa frå norske farty 2009-2020. Torsk er det klart viktigaste fiskeslaget med sei som nummer to. I samanlikning er fangstane av brosme og lange rimeleg avgrensa.

Tabell 1: Fangst av viktige fiskeslag for klippfisknæringa landa frå norske farty 2009-2020
Tonn rundvekt

Art	Fangstår											
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Torsk	243 659	283 481	340 167	357 951	471 316	473 478	422 242	412 567	416 993	376 575	329 897	331 553
Sei	202 377	228 114	190 344	176 471	147 691	153 833	151 508	154 136	178 655	202 670	194 980	191 464
Brosme	13 763	17 013	14 754	13 439	11 432	11 406	13 744	14 805	10 205	13 113	16 166	11 733
Lange	16 716	18 413	15 821	15 724	15 536	16 887	17 596	18 104	18 483	21 533	22 311	18 263

Kjelde: Fiskeridirektoratet


Bjørndal, Bjørndal og Ekerhovd (2017) gjev anslag over bruk av råstoff til foredling av klippfisk for perioden 2009-14. Dette er gjort på grunnlag av eksportstatistikken med omrekning til rund vekt. Endring i lagerhald mv. kan påverke faktisk bruk, men med tal for ein

so lang periode skulle tala gje ein rimeleg god indikasjon av situasjon. I denne perioden varierer årleg råstoffbruk mellom 294.000-342.000 tonn. Brukar ein same metode² finn ein at råstoffbruken i 2019 var 315.000 tonn med ein nedgang til 285.000 tonn i 2020. Estimatet for 2020 kan representere ei undervurdering av næringa sin råstoffbruk, ettersom ein grunna Covid truleg hadde større lageroppbygging enn normalt.

Ein kan ikkje direkte samanlikne desse estimata med fangststatistikken ettersom ein del av råstoffet kan vere importert, t.d. frå Russland. Likevel er det klart at leveransar til klippfisknæringa representerer ein stor del av fangstane av desse fire artane og særleg av sei, brosme og lange.

Figur 2 viser totaleksport av klippfisk for 2009-21 og gjennomsnittleg eksportpris. Kvantumet auka frå 87.000 tonn i 2009 til 97-98.000 tonn per år i perioden 2010-14. I 2017-19 varierte eksporten mellom 89-92.000 tonn per år med ein nedgang til 83.410 tonn i 2020. Eksporten tok seg opp igjen til 91.102 tonn i 2021.

Eksportprisen var kr 51,72/kg i 2020, ein svært liten nedgang frå 2019, men vart redusert til kr 49,72/kg i 2021. Vedlegget (tabell 3) gjev eksport for dei ulike fiskeslaga torsk, sei, lange, brosme og “anna” i perioden 2009-21.



Figur 2. Totaleksport av klippfisk (tonn) og gjennomsnittleg eksportpris (kr/kg) for 2009-21
Kjelde: Noregs Sjømatråd

² Ein har nytta same omrekningsfaktorar som i Bjørndal, Bjørndal og Ekerhovd (2017): torsk 3,65, sei 3,28, lange og brosme 3,40 (kjelde: Fiskeridirektoratet).

Når ein ser på samansetjinga av eksporten, er torsk klart viktigast når det gjeld verdi, medan sei er størst i kvantum. I 2020 vart det eksportert 29.489 tonn til ein verdi av 2,46 mrd. kr mot 35.619 tonn torsk til ein verdi av 2,93 mrd. kr i 2019. Eksportkvantum auka til 31.624 tonn i 2021, men verdien var uendra ettersom prisen vart redusert. For sei vart kvantumet redusert frå 49.054 tonn i 2019 til 46.022 tonn i 2020, men med ein auke til 50.238 tonn i 2021. Eksportverdien var omlag uendra frå 2019 til 2020, men auka til 1,70 mrd. kr i 2021 – ein auke på 11 % samanlikna med 2020.

Samla eksport vart redusert frå 91.681 tonn i 2019 til 83.410 tonn i 2020, ein nedgang på 9,0 %, men auka so til 91.102 tonn i 2021. Som alt nemnt, skuldast dette truleg Covid. Eksportpris kr 51,72/kg i 2020, omtrent uendra frå kr 51,91/kg i 2019, men med ein reduksjon til kr 49,72/kg i 2021. Dette tyder på at Covid påverka kvantum meir enn pris, og at torsk vart påverka meir enn sei, kanskje fordi torsk er eit dyrare produkt.

2. METODE FOR MÅLING AV VERDISKAPING

Produksjon skapar verdier. Produksjonsverdi er verdien av innsatsvarer i produksjonen pluss den meirverdi som vert skapt. For å finne meirverdi, eller verdiskaping, må ein difor ta omsyn til kostnader til varer og tenester som går inn i produksjonsprosessen. Enkelt sagt er verdiskaping produksjonsverdi inklusive alle avgifter minus vareinnsats og kapitalslit. Dette er det same prinsippet som vert brukt for å uttrykke verdiskaping som bidrag til brutto nasjonalprodukt (Henriksen mfl., 2012).

Når ein ser på figur 1, vert det skapt verdier på kvart ledd i verdikjeda. For å finne netto verdiskaping i eit ledd, må ein difor korrigere for verdiskaping på tidlegare ledd. Samla verdiskaping i verdikjeda vil såleis vere summen av verdiskaping i dei ulike ledda. For å finne netto verdiskaping med utgangspunkt i rekneskapstal, kan ein nytte følgjande samanheng:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{driftsresultat} + \text{lønskostnader}$$

Det kan visast at denne samanhengen er korrekt dersom avskrivningane er lik kapitalslitet. Dei skapte verdiane vert delt mellom dei tilsette som får løn, staten som får skattar og avgifter og kapitaleigarane, dvs. eigarane og långjevarane. Når eigarane har betalt finanskostnadane, bestemmer dei kor mykje dei eventuelt vil ta ut i utbytte og kor mykje av overskotet som skal haldast tilbake i verksemda.

Til dei tilsette

Dei tilsette sin del av verdiskapinga er utbetalt løn etter skatt. For å finne utbetalt løn, må ein gjere føresetnader om skatt på løn og storleiken på arbeidsgjevaravgifta. Arbeidsgjevaravgifta kjem an på kva sone kommunen der føretaket er lokalisert tilhøyrrer og varierar frå 0 til 14 %.

Som vist i vedlegget, går det meste av klippfiskproduksjonen føre seg i Møre og Romsdal der vanleg arbeidsgjevaravgift er 14 %. Vidare går me ut frå ein gjennomsnittleg lønsskatt på 30 %. Med dette som utgangspunkt kjem ein fram til følgjande samanheng³:

$$\text{Utbetalt løn} = 0,614 * \text{Lønnskostnaden til føretaket.}$$

For føretak som er lokalisert i kommunar utan arbeidsgjevaravgift eller med 5,1 % avgift vert denne formelen justert deretter. Elles viser dette at med lågare arbeidsgjevaravgift går meir av føretaket sin lønnskostnad til dei tilsette og mindre til staten. Det er verdt å minne om at det er netto løn etter skatt som dei tilsette har til disposisjon som skapar ringverknader lokalt.

Til staten: Skattar og avgifter

Ettersom praktisk tala all klippfisk vert eksportert, betalar ein ikkje meirverdiavgift. Me vil difor her sjå bort frå meirverdiavgift. Det offentlege tek dermed inn følgjande i skattar og avgifter:

1. Selskapsskatt av føretaket sitt overskot. Heile selskapsskatten går til staten.
2. Arbeidsgjevaravgift. Staten får òg alt av denne.
3. Skatt på lønsinntekt. Kommuneskatten er på 28 %; kommunen får 12,8 %, medan fylkeskommunen får 2,65 % og staten får 12,55 %.

Samanhengen vist over mellom lønnskostnaden k og netto utbetalt løn n er $n = 0,614 * k$ under føresetnad av at arbeidsgjevaravgifta er 14 % og lønsskatten er 30 %. Det betyr at det offentlege under desse føresetnadene får $(k - n) = 0,386 * k$ i arbeidsgjevaravgift og lønsskatt. I tillegg får det offentlege selskapsskatt. Dermed vil det offentlege få⁴:

$$\text{Skattar og avgifter} = 0,386 * \text{lønnskostnad} + \text{selskapsskatt}$$

Til kapital

Kapitaleigarane får verdiar som i) utbytte, ii) tilbakehalde overskot og iii) finanskostnader, dvs. rentekostnader føretaket må betale långevar. Tilbakehalde overskott er det som eigarane let

³ La x = brutto løn, n = netto løn og k = total lønnskostnad. Samanhengen er, med 14,1 % arbeidsgjevaravgift og $n = 0,7 * x$ (30 % skatt), $x * 1,14 = k$. Ein får då at $n/k = 0,7/1,14 = 0,614$.

⁴ Dette vert justert for føretak i kommunar som har null eller 5,1 % arbeidsgjevaravgift.

vere å hente ut i utbytte. Dette er kapital som går inn i føretaket og medvirkar til å styrke føretaket sin soliditet.

3. VERDISKAPING OG SYSSELSETJING I VERDIKJEDA FOR KLIPPFISK

Verdiskaping innan produksjon

Det er henta inn rekneskapstal frå Brønnøysundregistra for føretak i klippfisknæringa. Aktive føretak er opplista i vedlegget (tabell A1 og A2). Det vert her skilt mellom reine eksportørar (10 føretak; tabell A2) og føretak som er produsentar, men kanskje og er eksportørar (33 føretak; tabell A1). Det er stor grad av vertikal integrasjon mellom produsentane og eksportørane slik at eit eksportføretak kan vere eigd av ein produsent. Truleg er det i oversikten berre få «reine» eksportørar.⁵

Frå føretaka sine rekneskap er det henta inn driftsresultat og lønskostnader som mål på verdiskaping. I tillegg vert utbetalingar til tilsette, staten og kapitaleigarar estimert. Ettersom denne summen er lik verdiskaping, inneber dette òg ei kontrollrekning av resultatet.

Ein del føresetnader for analysen skal presiserast:

- i. Fleire føretak produserer ikkje berre klippfisk, men og andre fiskeprodukt især saltfisk. For dei aller fleste føretak sitt vedkomande er det ikkje mogeleg å fordele verdiskapinga på ulike produkt slik at analysane her vil omfatte samla verdiskaping for føretaka⁶.
- ii. Dersom føretaket driv både foredling og eksport, er det ikkje mogeleg å fordele verdiskaping på dei to ledda.
- iii. I utrekningane tek ein utgangspunkt i arbeidsgjevaravgift i kommunen der føretaket har sitt forretningskontor. I tilfelle eit føretak er konsern med dotterselskap i andre kommunar med forskjellig arbeidsgjevaravgift, kan ein ikkje ta omsyn til det. Dette vil ha ein viss innverknad på fordeling av verdiskaping mellom tilsette og staten, men ikkje på samla verdiskaping.

I perioden ein ser på er 31-33 produsentar i næringa (tabell 2). Det er stor stabilitet i næringa over tid med lite entry/exit. Produksjonsverdien (salsverdi) auka over perioden frå 4,4 mrd. kr i 2009 til knapt 7,2 mrd. kr i 2020. Dette inneber at produksjonsverdi i tabell 2

⁵ Enkelte engrosbedrifter og traderar kan og ha sal av klippfisk til utlandet. Ein har ikkje oversikt over omfanget av det, men ifylgje industrikjelder er det neppe stort.

⁶ Einaste unntak er Br. Sperre, som gjev sal av klippfisk som del av samla produksjonsverdi (31,1 % i 2017, 27,5 % i 2016, 37 % i 2015, 34,4 % i 2014, 32,6 % i 2013, 32,5 % 2012, 30,3 % i 2011, 28,6 % i 2010 og 29,9 % i 2009). Det er ikkje rapportert i 2018 og 2019, so ein har brukt same fordeling som i 2017. Her vert det gjort føresetnad om at verdiskaping er proporsjonal med produksjonsverdi.

inkluderer annan produksjon enn klippfisk, noko me skal kome tilbake til seinare. Talet på tilsette varierer mellom 770 – 911.

Verdiskapinga til desse føretaka utgjorde 500,7 mill. kr i 2009 eller 11,3 % av produksjonsverdien. Verdiskapinga vart redusert til 359,2 mill. kr i 2012 (6,8 % av produksjonsverdien). Dette auka til heile 886,4 mill. kr i 2014 (14,7 % av produksjonsverdien). I 2019 var verdiskapinga 752,8 mill. kr (9,5 % av produksjonsverdien). I 2020 vart verdiskapinga redusert til 521,6 mill. kr, ein reduksjon på heile 30 % samanlikna med året før. Medan verdiskapinga utgjorde 9,5 % av produksjonsverdien i 2019, vart dette redusert til 7,2 % i 2020. Denne utviklinga skuldast truleg Covid.

Tabell 2. Verdiskaping mv. i produksjonsføretak 2009 – 2020^{a)}

År	Talet på bedrifter	Talet på tilsette	Sum produksjonsverdi (mill. kr)	Sum verdiskaping (mill. kr)	Til dei tilsette (mill. kr)	Til staten (mill. kr)	Til kapital (mill. kr)
2009	31	770	4 428,5	500,7	212,2 (42,4 %)	337,5 (67,4 %)	-49,0 (-9,8 %)
2010	33	794	5 479,6	766,2	251,1 (32,8 %)	225,9 (29,5 %)	281,5 (36,7 %)
2011	33	785	5 939,4	715,4	261,1 (36,5 %)	219,7 (30,7 %)	237,9 (33,3 %)
2012	33	824	5 313,2	359,2	276,5 (77,0 %)	144,4 (40,2 %)	-59,5 (-16,6 %)
2013	33	832	4 990,7	511,6	290,3 (56,8 %)	147,8 (28,9 %)	73,5 (14,4 %)
2014	33	870	6 047,2	886,4	325,3 (36,6 %)	278,6 (31,4 %)	282,5 (31,9 %)
2015	33	910	6 397,4	804,2	331,2 (41,1 %)	220,4 (27,4 %)	252,6 (31,4 %)
2016	33	911	6 765,9	623,4	347,2 (55,7 %)	222,4 (35,7 %)	53,8 (8,6 %)
2017	33	906	7 025,9	700,4	357,3 (51,0 %)	237,3 (33,9 %)	105,7 (15,1 %)
2018	32	889	7 283,4	726,9	363,5 (50,0 %)	248,1 (34,1 %)	115,4 (15,9 %)
2019	32	827	7 892,2	752,8	346,5 (46,0 %)	230,4 (30,6 %)	175,8 (23,4 %)
2020	32	780 ^{b)}	7 228,3	521,6	335,2 (64,3 %)	176,0 (33,7 %)	10,4 (2,0 %)

a) Dette gjeld for føretak i tabell A1 i vedlegget.

b) Førebels.

Ut frå tabellen kan ein sjå at den relative delen av verdiskapinga til dei tilsette typisk er større når verdiskapinga er mindre. I 2012 var verdiskapinga på sitt lågaste, og dei tilsette fekk då heile 77 % av verdiskapinga.

Staten får store inntekter frå næringa både i absolutte verdjar og som del av verdiskapinga. I dei fleste åra får staten rundt 30 % av verdiskapinga, med 2009 som eit ytterpunkt då 2/3 av verdiskapinga gjekk til staten.

«Til kapital» varierer med verdiskapinga, både i absolutte og relative verdjar. Einskilde år er «til kapital» negativ, noko som inneber at kapitaleigarane tilfører midlar til føretaket. I år med positiv «til kapital» er utbytte som regel rimeleg lågt, medan tilbakehalde overskott dei tre fyrste åra er svært stort. Dette medvirkar til å styrke soliditeten til føretaket.

Tabell 3 viser den fylkesvise fordelinga av næringa. To føretak høyrer heime i Finnmark og to i Troms; alle andre i Møre og Romsdal. Det inneber at det vesentlege av verdiskapinga og sysselsetjing innan foredling skjer i Møre og Romsdal. I 2020 skjedde 87 % av verdiskapinga i Møre og Romsdal.

Tabell 3. Fylkevis fordeling av verdiskaping i produksjonsføretak 2009 – 2020^{a)}

År	Møre og Romsdal											
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på bedrifter	27	29	29	29	29	29	29	29	29	28	28	28
Talet på tilsette	547	592	582	616	643	693	697	666	676	680	658	933
Sum produksjonsverdi (mill. kr)	4009,0	4912,0	5196,0	4540,6	4314,1	5260,5	5565,0	5950,1	6188,2	6294,0	6982,8	6278,8
Sum verdiskaping (mill. kr)	422,2	661,9	615,3	361,2	446,4	736,2	644,8	522,0	611,0	598,3	634,5	445,3

År	Troms											
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på bedrifter	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
Talet på tilsette	153	131	131	131	116	94	125	142	127	112	80	122
Sum produksjonsverdi (mill. kr)	235,1	360,2	489,0	528,2	445,2	514,8	516,6	438,5	497,5	651,3	557,4	672,8
Sum verdiskaping (mill. kr)	40,4	57,7	62,7	-37,0	19,6	97,0	93,6	46,6	38,1	57,7	65,0	29,7

År	Finnmark											
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på bedrifter	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
Talet på tilsette	70	71	72	77	73	83	88	103	103	97	89	102
Sum produksjonsverdi (mill. kr)	184,3	207,3	254,4	244,4	231,4	271,5	315,8	377,2	340,2	338,1	352,1	276,8
Sum verdiskaping (mill. kr)	38,0	46,7	37,4	35,0	45,5	53,2	65,8	54,7	51,2	71,0	53,2	46,5

a) Dette gjeld føretak i tabell A1 i vedlegget.

Som vist i tabell 4, er det svært stor variasjon mellom bedriftene. Medan gjennomsnittleg sysselsetjing er mellom 23-36, varierer dette mellom eit minimum på null og eit maksimum på 151⁷. Eigenkapital-delen er i snitt 0.38-0.50, noko som må karakteriserast som høgt samanlikna med norsk næringsliv generelt. Ettersom produksjon av klippfisk er ei konkurranseutsett næring er det viktig med stor eigenkapital.

Tabell 4. Verdiskaping mv. for enkeltfretak innan foredling 2009 – 2020^{a)}

	Gjennomsnitt (standardavvik)											
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på tilsette	24,8 (23,8)	24,1 (22,0)	23,8 (22,0)	25,0 (23,9)	25,2 (25,1)	26,4 (27,3)	27,6 (28,6)	27,6 (27,1)	27,5 (26,8)	27,8 (25,5)	25,8 (24,6)	36,2 (34,3)
Prod. verdi mill. kr	142,9 (185,6)	166,0 (221,9)	180,0 (237,7)	161,0 (198,1)	151,2 (196,2)	183,2 (238,7)	193,8 (247,5)	205,0 (266,8)	212,9 (273,1)	227,6 (273,1)	246,6 (307,8)	225,9 (266,6)
Verdiskaping mill. kr	16,2 (15,9)	23,2 (33,0)	21,7 (34,3)	10,9 (15,2)	15,5 (19,1)	26,9 (31,3)	24,4 (29,4)	18,9 (23,4)	21,2 (24,1)	22,7 (27,0)	23,5 (29,4)	16,3 (25,1)
Eigenkapital del	0,380 (0,205)	0,396 (0,210)	0,392 (0,200)	0,429 (0,353)	0,462 (0,445)	0,443 (0,201)	0,458 (0,220)	0,475 (0,246)	0,480 (0,242)	0,486 (0,246)	0,469 (0,229)	0,496 (0,237)

a) Dette gjeld for føretak i tabell A1 i vedlegget.

Verdiskaping innen eksport

Tabell 5 gjev verdiskaping for 10 eksportføretak fram til 2017 og for ni dei to siste åra. Verdiskapinga varierer over tid, og ein merkar seg at 2016 var eit svakt år. Det var og sterk reduksjon i verdiskapinga frå 2019 til 2020. Vidare vart talet på tilsette nesten halvert. Alle eksportføretaka høyrer heime i Møre og Romsdal.

⁷ Eit produsentselskap og to eksportørar har ifylgje årsrekneskapen positiv produksjonsverdi og verdiskaping, men ingen tilsette. For nokre føretak vert det ikkje gjeve informasjon om tilsette. I enkelte tilfelle kan det vere slik at administrasjon mv. for føretak i eit konsern kan verte utført av andre føretak i konsernet.

Tabell 5. Verdiskaping mv. for eksportføretak 2009 – 2020^{a)}

År	Talet på bedrifter	Talet på tilsette	Sum produksjonsverdi (mill. kr)	Sum verdiskaping (mill. kr)	Til dei tilsette (mill. kr)	Til staten (mill. kr)	Til kapital (mill. kr)
2009	10	32	1418,3	62,6	12,2 (19,4 %)	20,2 (32,3 %)	30,2 (48,3 %)
2010	10	35	2035,7	64,7	16,3 (25,2 %)	19,3 (29,9 %)	29,1 (44,9 %)
2011	10	51	2295,6	78,4	15,3 (19,5 %)	21,8 (27,9 %)	41,2 (52,6 %)
2012	10	48	2021,7	69,3	22,9 (33,1 %)	22,2 (32,0 %)	24,1 (34,8 %)
2013	10	48	1763,3	69,4	24,5 (35,3 %)	20,4 (29,4 %)	24,5 (35,4 %)
2014	10	53	1970,2	81,8	18,2 (22,3 %)	12,4 (15,2 %)	51,2 (62,6 %)
2015	10	53	1844,1	80,3	19,0 (23,7 %)	8,5 (10,6 %)	52,8 (65,7 %)
2016	10	46	1731,9	36,2	17,1 (47,2 %)	11,7 (32,4 %)	7,4 (20,5 %)
2017	10	46	1986,7	70,1	17,3 (24,7 %)	18,9 (27,0 %)	33,9 (48,3 %)
2018	9	46	1864,1	57,2	18,1 (31,6 %)	15,7 (27,5 %)	23,4 (40,9 %)
2019	9	46	1879,1	61,6	17,7 (28,7 %)	16,4 (26,7 %)	27,5 (44,7 %)
2020	9	30	1662,0	45,1	16,6 (36,7 %)	11,6 (25,8 %)	16,9 (37,5 %)

a) Gjeld føretak i tabell A2 i vedlegget.

Storleiksfordeling

Tabell 6 gjev storleiksfordeling for produsentane. I alle åra har to-sju føretak omsetnad over 500 mill. kr, og sidan 2014 - med unntak for 2020 - hadde eit føretak omsetnad over 1 mrd. kr. I 2019 stod det største føretaket for 14,2 % av omsetnaden, medan dei sju største føretaka i 2020 stod for for 50,6 % av omsetnaden. Talet på føretak med omsetnad under 100 mill. kr er over tid redusert frå 23 til 20.

Tabell 6. Storleiksfordeling etter omsetnad for føretak innan foredling og eksport 2009 – 2020^{a)}

År	Oms. under 10 mill. kr	Omsetnad	Oms. 10-49,9 mill. kr	Omsetnad	Oms. 50-99,9 mill. kr	Omsetnad	Oms. 100-199,9 mill. kr	Omsetnad
2009	5	9,4 (0,2 %)	10	322,1 (5,5 %)	8	554,8 (9,5 %)	9	1334,6 (22,8 %)
2010	5	14,1 (0,2 %)	9	262,5 (3,5 %)	8	581,2 (7,7 %)	10	1315,2 (15,4 %)
2011	5	11,5 (0,2 %)	12	386,1 (4,7 %)	5	389,7 (4,7 %)	9	1185,4 (14,4 %)
2012	5	11,4 (0,2 %)	13	426,8 (6,7 %)	6	466,8 (7,3 %)	7	950,0 (14,9 %)
2013	5	10,5 (0,2 %)	13	430,8 (7,3 %)	8	1027,2 (11,1 %)	7	1027,2 (17,3 %)
2014	5	11,8 (0,2 %)	11	389,2 (5,5 %)	5	375,6 (5,3 %)	10	1389,9 (19,5 %)
2015	5	9,7 (0,1 %)	11	375,2 (5,1 %)	4	323,6 (4,4 %)	10	1372,0 (18,5 %)
2016	6	7,2 (0,1 %)	9	297,0 (3,8 %)	4	271,8 (3,5 %)	10	1335,1 (17,3 %)
2017	7	9,1 (0,1 %)	7	223,0 (2,7 %)	7	515,4 (6,3 %)	7	886,2 (10,9 %)
2018	4	8,3 (0,1 %)	8	230,4 (2,7 %)	7	487,5 (5,8 %)	8	1044,4 (12,4 %)
2019	3	5,3 (0,1 %)	9	279,4 (3,1 %)	6	417,5 (4,6 %)	9	1357,4 (15 %)
2020	4	7,2 (0,1 %)	8	256,7 (3,1 %)	8	556,9 (6,7 %)	6	803,3 (9,6 %)

År	Oms. 200-499,9 mill. kr	Omsetnad	Oms. 500-999,9 mill. kr	Omsetnad	Oms. over 1000 mill. kr	Omsetnad	Samla tal på føretak	Samla omsetnad
2009	7	2222,4 (38,0 %)	2	1403,4 (24,0 %)	-	-	41	5847,6 (100 %)
2010	8	2616,8 (34,8 %)	3	2725,5 (36,3 %)	-	-	43	7515,3 (100 %)
2011	8	2666,9 (32,4 %)	3	2404,8 (29,2 %)	1	1187,4 (14,4 %)	43	8234,0 (100 %)
2012	7	2031,4 (31,8 %)	5	2502,8 (39,2 %)	-	-	43	6389,2 (100 %)
2013	7	2278,4 (38,4 %)	3	1520,3 (25,7 %)	-	-	43	5925,8 (100 %)
2014	7	2121,4 (29,8 %)	4	1717,8 (24,1 %)	1	1120,8 (15,7 %)	43	7126,5 (100 %)
2015	8	2365,6 (31,9 %)	4	1835,9 (24,7 %)	1	1141,8 (15,4 %)	43	7423,8 (100 %)
2016	9	2618,7 (33,9 %)	4	1938,8 (25,1 %)	1	1249,8 (16,2 %)	43	7718,4 (100 %)
2017	10	2643,6 (32,6 %)	4	2590,7 (31,9 %)	1	1251,2 (15,1 %)	43	8119,2 (100 %)
2018	10	3383,0 (40,0 %)	3	2153,9 (25,5 %)	1	1143,8 (13,5 %)	41	8451,3 (100 %)
2019	7	2183,9 (24,2 %)	6	3512,7 (38,9 %)	1	1284,2 (14,2 %)	41	9040,4 (100 %)
2020	8	2429,3 (29,1 %)	7	4229,3 (51,5 %)	-	-	41	8352,7 (100 %)

a) Gjeld føretak i tabellar A1 og A2 i vedlegget.

Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk

Samla verdiskaping i verdikjeda har auka frå vel 2 mrd. kr i 2009 til knapt 3 mrd. kr i 2014. Fram til 2019 varierte verdiskapinga mellom 2 500 – 2 700 mill. kr (tabell 7) med ein reduksjon til 2,2 mrd. kr i 2020. Av dette kjem omlag to-tredelar på fangstleddet og ein-tredel innan foredling og eksport. Ut frå eksportstatistikken er det grunn for å tru at verdiskapinga auka i 2021 samanlikna med 2020.

Tabell 7. Samla verdiskaping i verdikjeda for klippfisk 2009 – 2020. Mill. kr

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Fangstleddet	1.442	1.572	2.160	1.783	1.800	2.000	1.800 ^{a)}	1.800 ^{a)}	1.800 ^{a)}	1.800 ^{a)}	1.700 ^{a)}	1.600 ^{a)}
Foredling	501	766	715	359	512	886	804	623	700	727	753	522
Eksport	63	65	78	69	69	82	80	36	70	57	62	45
Sum	2.006	2.403	2.953	2.211	2.381	2.968	2.684	2.459	2.570	2.584	2.515	2.167

a) Estimat.

Kjelde: Bjørndal, Bjørndal og Ekerhovd (2017) for 2009-14.

Samla syttelsetjing har vist ein auke frå 2.820 i 2009 til 3.443 i 2011. Sidan då har årleg sysselsetjing variert mellom 3 000 – 3 400 (tabell 8).

Tabell 8. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk 2009 – 2020

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Fangstleddet	2.018	2.061	2.607	2.406	2.400	2.400	2.400 ^{a)}	2.400 ^{a)}	2.400 ^{a)}	2.400 ^{a)}	2.300 ^{a)}	2.200 ^{a)}
Foredling	770	794	785	824	832	870	910	911	906	889	827	780
Eksport	32	35	51	48	48	53	53	46	46	46	46	25
Sum	2.820	2.890	3.443	3.278	3.280	3.323	3.363	3.357	3.352	3.335	3.173	3.005

a) Estimat.

Kjelde: Bjørndal, Bjørndal & Ekerhovd (2017) for 2009-14.

Ringverknadar

Verdikjeda for klippfisk skapar og ringverknadar. Ifylgje Sandberg mfl. (2014), er næringsgruppene som har størst ringverknadar i form av bidrag til brutto nasjonalprodukt (BNP) for den fiskeribaserte verdikjeda varehandel, utvinning av råolje og naturgass (med rørtransport), finansiell tenesteyting og forsikringsverksemd, omsetnad og drift av fast eigedom, detaljhandel (utanom motorkøyrety), reparasjon og installasjon av maskinar og utstyr og land- og lufttransport. Til saman står desse næringsgruppene for over halvparten av ringverknadane. Sjølv om det vil kunne vere skilnadar mellom ulike verdikjeder i fiskeri-næringa, er det all grunn til å rekne med at desse næringsgruppene er viktige også for verdikjeda for klippfisk.

I ein rapport frå SINTEF (Henriksen mfl., 2012) vert ringverknadar i den fangstbaserte verdikjeda estimert. Dei kjem fram til at for kvar krone i verdiskaping i produksjonsleddet er ringverknadane som fylgjer:

-Fangstleddet	0,30 kr
-Foredlingsleddet	0,80 kr
-Eksport-/handelsleddet	1,20 kr

Det er med andre ord eksport-/handelsleddet som skapar dei største ringverknadene, og fangstleddet dei lågaste. Det er grunn til å understreke at det knyter seg uvisse til desse multiplikatorane, og at dei kan variere frå år til år. Likevel vil dei kunne gje ein indikasjon på kor store ringverknadene er.

Me vil leggje desse multiplikatorane til grunn for å estimere ringverknadene til verdikjeda for klippfisk. Dette er gjort for 2020 i tabell 9. For 2020 er samla verdiskaping estimert til vel 3,1 mrd. kr, med knapt 2,2 mrd. kr innan fangst og omlag 0,95 mrd. kr innan foredling og eksport.

Tabell 9. Verdiskaping i verdikjeda for klippfisk. 2020

2020	Produksjon	Ringverknad	Samla verdiskaping
Fangstleddet	1.600	480	2.080
Foredling	522	418	940
Eksport	45	54	99
Sum	2.167	952	3.119

Ifylgje Sandberg mfl. (2014) har truleg ringverknadane auka over tid. Av den grunn kan det vere av interesse å oppdatere desse multiplikatorane. Etersom det er større ringverknader innan eksport enn foredling, kan det og tyde på ei viss undervurdering av samla verdiskaping ettersom mange foredlingsbedrifter sjølv er ansvarlege for eksporten.

Henriksen mfl. (2012) ser og på ringverknadar i form av sysselsetjing. Dei kjem fram til at for kvart årsverk i produksjonsleddet er ringverknadene som fylgjer:

-Fangstleddet	0,30 årsverk
-Foredlingsleddet	1,30 årsverk
-Eksport-/handelsleddet	0,90 årsverk

Ein noterer seg at foredlingsleddet har særskilt stor ringverknad når det gjeld sysselsetjing. Igjen er det grunn til å peike på at det knyter seg uvisse til desse multiplikatorane som dessutan kan variere over tid.

Me vil leggje desse multiplikatorane til grunn for å estimere ringverknadene til verdikjeda for klippfisk i form av sysselsetjing. Dette er gjort for 2020 i tabell 10. For 2020 er samla sysselsetjing estimert til vel 4 700 med knapt 2 900 innan fangst og vel 1 800 innan foredling og eksport.

Tabell 10. Samla sysselsetjing i verdikjeda for klippfisk. 2020

2020	Kjerne	Ringverknad	Samla sysselsetjing
Fangstleddet	2.200	660	2.860
Foredling	780	1.014	1.794
Eksport	25	23	48
Sum	3.005	1.697	4.702

Når det gjeld den geografiske fordelinga, skjer det brorparten av verdiskaping og sysselsetjing innan foredling og eksport i Møre og Romsdal. Når det gjeld ringverknader, er det og grunn til å rekne med at dei og er konsentrert om dette fylket. Derimot når det gjeld fangstleddet, vil verdiskaping og sysselsetjing vere spreidd langs heile kysten utifrå kvar båtar og mannskap høyrer heime.

4. SLUTTMERKNADAR

Tabell 11 gjev verdiskaping per årsverk for foredling og eksport av klippfisk, fiskeforedling generelt og for Fastlands-Noreg samla. Ettersom mange føretak som produserer klippfisk også er eksportørar, er det rimeleg å sjå på foredling og eksport under eitt.

Verdiskapinga per årsverk innan foredling og eksport av klippfisk varierer sterkt frå år til år i takt med konjunkturedringar. Reduksjonen frå 2019 til 2020 skuldast truleg Covid, men ein kan observere større endringar frå år til anna tidlegare i perioden ut frå generell konjunkturedringar, det vere seg på produksjons- eller marknadssida.

Det er vidare interessant å leggje merke til at verdiskapinga i denne næringa i alle år er større enn for fiskeforedling generelt. Vidare ser ein at i åra 2010-2011 og 2014 gav klippfisk-næringa meir verdiskaping per årsverk enn gjennomsnittet i Fastlands-Noreg.

Tabell 11. Verdiskaping i kroner per årsverk

År	Verdiskaping per årsverk – foredling og eksport av klippfisk	Verdiskaping per årsverk – fiskeforedling	BNP per årsverk - Fastlands-Noreg ^{a)}
2009	702.573	650.480	764.192
2010	1.001.908	964.562	810.777
2011	950.225	911.525	830.373
2012	491.349	435.905	869.469
2013	660.251	614.976	907.250
2014	1.049.913	1.019.220	941.177
2015	918.610	883.360	967.448
2016	688.849	684.142	989.164
2017	809.056	773.068	1.010.862
2018	838.717	818.059	1.045.866
2019	932.872	910.650	1.077.630
2020	704.348	450.592	1.085.409

a) Årsverk, heiltidsekivalent, basisverdi.

Kjelder:

Klippfisk: forfattarane.

Fiskeforedling: Henriksen mfl. (2012, 2011).

BNP Fastlands-Noreg: Statistisk sentralbyrå.

Som Sandberg mfl. (2014) viser til, kan ein i tillegg estimere såkalla konsumverknader eller induserte verknader. Desse kan ha stor verknad for den lokale og regionale økonomien. Induserte verknader oppstår som fylgje av lønsinntekter som vert brukt til varer og tenester i hushaldningane. Som vist ovanfor, er det store inntekter som tilkjem dei tilsette, noko som vil gje grunnlag for privatkonsum som vil kunne skape monalege ringverknadar. Når det gjeld lokaløkonomien, må det og nemnast at sjølv om mesteparten av inntektene går til staten, går likevel ein del av skatteinntektene til kommunane. Desse inntektene vil medvirke til finansiering av kommunale tenester og utbygging av lokal infrastruktur.

Når det gjeld inntekter til kapital, er det viktig å minne om at eigarinteressene i denne verdikjeda hovudsakleg er lokale eller regionale. Dermed vil kapitalinntekter også kunne kome lokaløkonomien til gode.

Induserte verknader grunna lønsinntekter, skatteinngang og kapitalinntekter er ikkje inkludert her. Dei ville ha medført høgare anslag av ringverknadane totalt sett. Difor kan dei ringverknadene som er estimert her betraktast som ei form for minimumsanslag.

Den fisken som vert foredla til klippfisk kunne alternativt vorte nytta til andre produkt, det vere seg saltfisk eller frosenfisk. Det er i prinsippet mogeleg å gjennomføre ei vurdering av kva verdiar dette råstoffet alternativt kunne gje opphav til. Ettersom det ville vere naudsynt

med mange føresetnader både på produksjonssida og marknadssida for å gjere dette, vil me ikkje gå vidare inn på det. Analysane som er presentert her viser likevel klart at klippfiskproduksjon gjev større verdiskaping enn alternativ bruk av råstoffet.

Resultata av denne analysen viser at klippfisknæringa gjev stor verdiskaping per årsverk samanlikna med andre næringar i Fastlands-Noreg. Den samla verdiskapinga til verdikjeda for klippfisk er stor, og verdikjeda har stor betydning for sysselsetjing. Vidare ser ein at dei økonomiske tilhøva i næringa varierer frå år til år, både grunna konjunkturar og som ein konsekvens av Covid. Det vil verte interessant å sjå om verdiskaping og eksport vil auke i 2021 og 2022. Uansett er det viktig med stabile og gode rammevilkår for denne næringa som er utsett for store endringar i økonomiske tilhøve frå år til år.

Referansar

- Bjørndal, T., Ekerhovd, N.A. & Bjørndal, M.T. (2014). Verdiskaping i klippfisknæringa 2011-13. SNF Arbeidsnotat 18/14.
- Bjørndal, T., Bjørndal, M.T. & Ekerhovd, N.A. (2017). Økonomisk analyse av klippfisknæringa. *Økonomisk fiskeriforskning. Ledelse, marknad, økonomi* 27(1), 1-13. <http://okonomiskfiskeriforskning.no/okonomisk-analyse-av-klippfisknaeringa/>
- Bjørndal, T., Brasília, A., Ramos, J. & Tusvik, A. (2016). Fish Processing in Portugal: an Industry in Expansion. *Marine Policy* 72, 94-106.
- Gjærde, A. (2015). *UNIDOS. I klippfisken tjeneste*. Ålesund: Unidos AS.
- Henriksen, K., Gisvold Sandberg, M., Olafsen, T., Bull-Berg, H., Johansen, U. & Stokka, A. (2012). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring 2010 – en ringvirkningsanalyse. SINTEF Rapport A23089.
- Henriksen, K., Gisvold Sandberg, M., Olafsen, T., Bull-Berg, H., Johansen, U. & Stokka, A. (2011). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring 2009 – en ringvirkningsanalyse. SINTEF Rapport A19673.
- Gisvold Sandberg, M., Henriksen, K., Aspaas, S., Bull-Berg, H. & Johansen (2014). Verdiskaping og sysselsetting i norsk sjømatnæring – en ringvirkningsanalyse med fokus på 2012. SINTEF Rapport A26088.
- Raggi, P.A., Bjørndal, T., de Camargo, R.P.N. & Pincinato, R. (2016). Brazilian demand for salted & dried cod – the 1989 – 2014 period. Upublisert manuscript.

VEDLEGG

Tabell A1. Føretak som driv produksjon av klippfisk, ev. produksjon og eksport

Namn	Orgnr	Postnr	Poststad	Heime-kommune	Merknad
ABS AS	994985108	6057	Ellingsøy	Ålesund	Eigd 50-50 av Andreas Bjørge Seafood AS og Sol-Bac AS
Andreas Bjørge Seafood AS	994292587	6004		Ålesund	Eig 50 % av ABS
AS Møre Codfish Comp	914499151	6003	Ålesund	Ålesund	
Brødrene Remo	937600119	6035	Fiskarstrand	Sula	
Brødrene Sperre AS	916153120	6057	Ellingsøy	Ålesund	
Ellingsøy klippfisk AS	994714473	6057	Ellingsøy	Ålesund	Eigd av Korsneset Klippfisk
Fjordlaks AS	923957413	6005	Ålesund	Ålesund	
Grytestranda fiskeindustri AS	924101342	6265	Vatne	Haram	
Gustav Stokke AS	937642903	6057	Ellingsøy	Ålesund	
Hans Fauske og Sønn AS	857459512	6050	Valderøya	Giske	
Hermann Export AS	985025274	9690	Havsøya/ Havøysund	Måsøy	
Ingolf Engeset AS	935989183	6265	Vatne	Haram	
Jacob Bjørge AS	910633376	6057	Ellingsøy	Ålesund	
Jakob og Johan Dybvik AS	834417332	6035	Fiskarstrand	Sula	
Jangaard export AS	947823930	6002	Ålesund	Ålesund	
Johan Giskeødegård AS	930083593	6050	Valderøya	Giske	
Karlsøybruket AS	893369252	9135	Vannvåg	Karlsøy	Ikkje inkludert i rekneskap til Fjordlaks
Karsten Flem AS	833676342	6293	Longva	Haram	
Korsneset Klippfisk AS	984117833	6035	Fiskarstrand	Sula	
Mathias Bjørge AS	995471175	6057	Ellingsøy	Ålesund	
Nergård Senja AS	912118657	9380	Gryllefjord	Torsken	
Nils Sperre AS	966240326	6057	Ellingsøy	Ålesund	
O. Skarsbø AS	930344370	6430	Bud	Fræna	
Olav E. Fiskarstrand AS	911657937	6035	Fiskarstrand	Sula	
Peder B. Sørvik AS	980728110	6530	Averøy/ Langøyneset	Averøy	
Rafael Dybvik ANS	911242508	6035	Fiskarstrand	Sula	

Scanprod AS	983988202			Giske	Ikkje inkludert i rekneskap til Scan Mar AS
Sevrin Tranvåg AS	936801978	6035	Fiskarstrand	Sula	
Sigurd Folland AS	933344886	6530	Averøy/ Langøyneset	Averøy	
Storbukt fiskeindustri AS	961773202	9750	Honningsvåg	Nordkapp	
Strømsholm Fiskeindustri	930186635	6590	Tustna		Foredling
Veidholmen fisk AS	951787264	6570	Ålesund	Smøla	
Vigrafisk AS	919635290	6040	Vigra	Giske	

Tabell A2. Føretak som driv eksport av klippfisk, men ikkje produksjon

Namn	Orgnr	postnr	Poststad	Heime-kommune	Merknad
Carl Johan AS	985057826	6002	Ålesund	Ålesund	
Cod – Export AS	984265700	6002	Ålesund	Ålesund	
Drevik International AS	974534630	6001		Ålesund	Eksport av saltfisk og klippfisk
H Musæus AS	914437547	6035	Fiskarstrand	Sula	
Jørgen Heggen AS	912547043	6035	Fiskarstrand	Sula	
Lofotkompaniet	813974142	6057		Kristian Sund	Trading
Nor Pesca AS	986272380	6006	Ålesund	Ålesund	
Scan Mar AS	950452110	6003	Ålesund	Ålesund	
Sol Bac eksport AS	972410705	6009	Ålesund	Ålesund	
West – Norway AS	917313008	6002	Ålesund	Ålesund	

Tabell A3. Eksport av klippfisk, mengde (tonn), verdi ('000 kr) og pris (kg/kg), per råstoffart og totalt, 2009-21

Art	Målinger	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Brosme	Mengde	3 581	4 601	4 554	4 597	4 421	3 630	3 532	2 995	3 343	2 047	3 129	3 235	3 704
	Verdi	109 674	140 635	140 694	143 321	130 599	118 198	132 467	108 361	117 950	72 376	119 824	117 405	136 012
	Pris	30.62	30.57	30.90	31.18	29.54	32.56	37.51	36.18	35.28	35.36	38.29	36.29	36.72
Lange	Mengde	3 960	5 053	4 652	3 843	2 925	4 222	4 355	3 978	3 386	3 438	2 821	3 282	4 142
	Verdi	142 780	183 734	178 137	146 497	105 364	156 686	178 139	157 575	145 999	174 515	147 271	143 405	178 145
	Pris	36.06	36.36	38.29	38.12	36.02	37.11	40.91	39.61	43.12	50.75	52.20	43.70	43.01
Sei	Mengde	44 842	46 131	46 404	40 746	45 269	44 716	38 149	34 180	42 166	49 308	49 054	46 022	50 238
	Verdi	1 129 810	1 283 296	1 334 422	1 222 264	1 204 926	1 421 266	1 369 380	1 139 464	1 294 749	1 383 514	1 522 380	1 529 419	1 701 380
	Pris	25.20	27.82	28.76	30.00	26.62	31.78	35.90	33.34	30.71	28.06	31.03	33.23	33.87
Torsk	Mengde	34 113	41 422	40 790	43 683	42 962	44 881	40 472	38 145	38 115	35 816	35 619	29 489	31 624
	Verdi	1 664 377	1 946 743	2 086 515	1 993 236	1 607 001	1 910 716	2 266 735	2 275 049	2 440 030	2 582 636	2 927 481	2 461 417	2 457 575
	Pris	48.79	47.00	51.15	45.63	37.41	42.57	56.01	59.64	64.02	72.11	82.19	83.47	77.71
Andre	Mengde	535	350	1 262	2 307	994	1 217	968	1 431	2 066	949	1 057	1 382	1 393
	Verdi	18 690	10 055	34 951	65 642	28 941	36 943	36 760	44 954	67 580	34 543	45 418	62 441	56 109
	Pris	34.95	28.70	27.70	28.46	29.13	30.37	37.97	31.41	32.71	36.39	42.96	45.17	40.28
Total	Mengde	87 031	97 557	97 661	95 175	96 571	98 666	87 476	80 729	89 076	91 558	91 681	83 410	91 102
	Verdi	3 065 330	3 564 463	3 774 721	3 570 960	3 076 831	3 643 809	3 983 482	3 725 404	4 066 308	4 247 585	4 762 374	4 314 087	4 529 222
	Pris	35.22	36.54	38.65	37.52	31.86	36.93	45.54	46.15	45.65	46.39	51.94	51.72	49.72

Kjelde: Noregs Sjømatråd

Produksjon og eksport av klippfisk er ei viktig distriktsnæring i Noreg med tradisjonar som går fleire hundre år tilbake. Tyngdepunktet for produksjon er på Nordvestlandet, men store delar av råstoffet kjem frå Nord Noreg, slik at næringa har mykje å seie for verdiskaping og sysselsetjing også der. I denne artikkelen analyserer me verdiskaping i klippfisknæringa for perioden 2009–20 og vurderer konsekvensane av Covid for næringa. Eksportverdien av klippfisk utgjorde i 2019 4,76 mrd. kr, den største verdi i næringa si historie, men vart redusert med 9,6 % i 2020 til 4,31 mrd. kr. I artikkelen estimerer ein verdiskaping i heile verdikjeda for klippfisk, dvs. fangst, foredling og eksport. I tillegg gjev ein estimat av ringverknadar.

SNF



Samfunns- og næringslivsforskning AS

Centre for Applied Research at NHH

Helleveien 30
NO-5045 Bergen
Norway

P +47 55 95 95 00

E snf@snf.no

W snf.no

Trykk: Allkopi Bergen